



Studieplan 2006/2007

Studium i lokalt internasjonaliseringsarbeid

Frå januar 2007 vil Høgskolen i Lillehammer tilby eit nytt studium i lokalt internasjonaliseringsarbeid (5 studiepoeng). Dette er i praksis ei fadderordning for internasjonale studentar ved høgskolen med tilhøyrande læringsmål, arbeidskrav og evalueringsform.

Bakgrunnen for studiet er at Høgskolen i Lillehammer (HIL) og Høgskolen i Gjøvik (HIG) har som mål å auke talet på innreisande utvekslingsstudentar. Då er det ein føresetnad at det blir lagt til rette for mottak av desse studentane.

Internasjonalisering av høgare utdanning

Internasjonale studentar krev meir oppfølging enn norske. Dei skal bli kjende med ein ny studiestad, med eit nytt land, ein ukjend kultur og eit framandt språk.

Integrasjon med norske studentar er derfor ein kritisk suksessfaktor. Ei velfungerande fadderordning er eit tiltak som kan hjelpe til at dei blir betre integrerte.

Fadderordninga gir dessutan norske studentar høve til å engasjere seg i internasjonaliseringsarbeidet ved høgskolane. Internasjonalisering av høgare utdanning inneber at:

- studentar får høve til å ta eit delstudium i utlandet.
- at studia og studentmiljøa lokalt på høgskolane blir internasjonaliserte (Internationalisation at Home).

Faglig innhold

Studentane skal:

- Tileigne seg kunnskapar om internasjonalisering av høgare utdanning.
- Gjere seg kjend med HIL/HiG sine internasjonaliseringsstrategiar.
- Tileigne seg teoretiske kunnskapar om og praktiske kunnskapar i nettverksbygging.
- Få auka kulturforståing.
- Betre språkkunnskapane sine. Dette gjeld fyrst og fremst engelsk, men gjerne også andre språk.
- Lære å planleggje og gjennomføre aktivitetar (inkl. å lage budsjett og føre rekneskap).

Emnet går over eitt semester og omfattar følgjande delar:



1. Før dei internasjonale studentane kjem til Noreg

Fadderkurs med fokus på internasjonalisering, samarbeid, problemløysing, interkulturell kommunikasjon og praktiske forhold som opphaldsløyve, oppretting av bankkonto etc.

Kurset blir organisert som eit dagsseminar med to delar: Fyrste del med fokus på teori, andre del tek for seg den praktiske gjennomføringa av emnet.

Fadrane tek kontakt med dei internasjonale studentane før dei reiser til Lillehammer/Gjøvik og er kontaktpersonen deira fram til dei kjem.

Klargjering av velkomstpakkar for studentane.

Assistere internasjonalt kontor i planlegging av introduksjonsveke.

Fadderstudentane skal lage ein plan for gjennomføringa av emna. Denne skal godkjennast av internasjonalt kontor. Frist for godkjenning: 1 veke før studenten kjem til Noreg

2. Mottak/introduksjon

Hente studentane på stasjonen og ta dei med til studentbustaden.

Omvisning på høgskolen og i sentrum.

Ta dei med til SOPP for signering av kontrakt ++.

Informere om dei ulike tilboda for studentar som prest, psykolog, helseteneste, Studentsamfunnet og studentorganisasjonane.

Delta på introduksjonsveka i regi av internasjonalt kontor.

Hjelpe studentane med oppretting av bankkonto og søknad om opphaldsløyve (+ ev. arbeidsløyve) ved politistasjonen.

3. Under semesteret

Inkludere studentane i aktivitetar som Samfunnet og dei ulike studentgruppene tilbyr.

Planleggje eigne aktivitetar for dei internasjonale studentane der det blir laga eit budsjett og søknad om økonomisk stønad blir send til internasjonalt kontor .

Hjelpe studentar som opplever vanskelege situasjonar eller som får problem.

Regelmessige møte med internasjonalt kontor.



4. Avreise og etterpåk

Samle inn kjøkkenutstyret frå velkomstpakkane.

Følgje studentane til stasjonen.

Oppsummeringsmøte med internasjonalt kontor og andre involverte partar.

Ev. oppfølging av studentane etter at dei har kome tilbake til heimlandet sitt.

Opptakskrav

Minimum eitt semester må vere fullført ved HIG eller HIL. Det vil vere eit avgrensa opptak som blir fastsett etter behov for kvart enkelt semester. Aktuelle søkjarar blir kalla inn til intervju.

Søkjarane blir rangerte etter følgjande kriterium (i tilfeldig rekkjefølgje):

- Gjennomført delstudium i utlandet
- Tidlegare og noverande tillitsverv
- Språkkunnskapar
- Karaktergjennomsnitt frå HIL/HIG
- Studieprogresjon
- Personlege eigenskapar

Eksamen

Følgjande arbeidskrav må vere godkjent:

- Deltaking på fadderkurset
- Godkjend plan for gjennomføring av emnet
- Klargjering av velkomstpakkar
- Deltaking på introduksjonsveka
- Innsamling av velkomstpakkar
- Deltaking på oppsummeringsmøtet

Som avslutning på emnet skal det leverast ein rapport på ca. 2000 ord. I rapporten skal studentane:

- Reflektere over kva dei har lært.
- Gjere greie for kva dei vurderer som særskilde utfordringar i samband med mottak av internasjonale studentar, og korleis desse utfordringane best kan møtast.



Høgskolen i Lillehammer

Lillehammer University College • hil.no

- Gi nokre forslag til kva som kunne vore gjort annleis frå internasjonalt kontor si side.
- Kome med nye idéar til aktivitetar for internasjonale studentar (med grunngiving for kvifor nettopp desse aktivitetane bør gjennomførast).

Studentane blir evaluerte på bakgrunn av den praktiske gjennomføringa av emnet, deltaking på dei obligatoriske aktivitetane og rapporten.

Karakter

Bestått / Ikkje bestått

Heltid/ deltid

Heltid

Studielengde

Et semester, Vår

Grad/ kompetanse

Opptak

Lokalt opptak

Kull

2004/2005

Godkjenningsdato

06.12.2006



**Høgskolen
i Lillehammer**

Lillehammer University College • hil.no

Emneoversikt